

Utnemning til Ridder 1.klasse St. Olavs Orden.

H. M. Kongen har utnemnt Ole Mathis Hetta til Ridder 1.klasse av den Kongelige Norske St.Olavs Orden for pionerinnsatsen hans for urfolks rettar og helse.

Ole Mathis Hetta er fødd 8.desember 1946 i Kautokeino.

Han gjekk på folkeskulen i ei tid der fornorskingspolitikk rådde grunnen.

Berre norsk var tillete som språk, samisk vart knapt brukt på internatskulen, Ole Mathis Hetta utdanna seg til lege og samfunnsmedisinar.

I perioden 1974 - 1978 var han distriktslege i Karasjok, før han i åtte år arbeidde internasjonalt, først i Sør Sudan for Kirkens Nødhjelp og så i Tanzania for Norad.

Ole Mathis Hetta har vore sterkt engasjert i samane sine rettar. Han har i stor grad medverka til endringar i norsk samepolitikk frå 1970-åra til i dag. Samtidig har han vore med og endra statusen til det samiske folk i Noreg. Han har vore medlem av Norske Samers Riksforbund sidan 1969 og vararepresentant til Sametinget for NSR frå 1997.

Frå 1986 har han hatt Stavanger som base. Han har hatt ulike stillingar i norsk helseadministrasjon, av desse også fleire år som fylkeslege i Rogaland. Han har også hatt ei rekkje offentlege verv og er i dag medlem av Statens Seniorråd.

Førebyggjande helsearbeid har vore ei hovudsak for Ole Mathis Hetta. Han har utretteleg arbeidd for å visa at språk og kultur må vera ein sentral faktor i alt helsearbeid. Han har vore rådgjevar i Kina, India og flere afrikanske land i desse spørsmåla.

Ole Mathis Hetta fekk i 2013 Karl Evangs pris for arbeidet for den samiske pasienten.

Det går fram av søknaden at Ole Mathis Hetta også har eit djupt kyrkjeleg engasjement. Han fronta det nyoppretta Samisk Kirkeråd i 8 år. Som fast medlem av Kyrkjemøtet var han ei klår samisk røyst også der. Han medverka til samisk representasjon i ulike kyrkjelege organ. Han var med i ei referansegruppe for bibelomsetjing til samisk og sytte for plass til samiske salmar både i Salmer 97 og i den nye salmeboka. Dette engasjementet gjekk

parallelt med at han var ein profilert soknerådsleiar i Varden menighet i Stavanger.

Biskop emeritus og professor Ernst Båslund har ført søknaden i pennen. Søknaden er støtta av Ole Henrik Magga, Geir Sverre Braut og Per Westborg. Ordføraren i Stavanger har uttalt seg positivt, det same har fylkesmannen.

Kjære Ole Mathis Hetta!

Det er ei stor ære og ei glede for meg, på vegner av H. M. Kongen, å overrekkja deg ordensinsigniene. Du er ein sjeldan person. Det står den største respekt av det engasjementet og den stor friviljuge innsatsen du har lagt ned i tillegg til alt det yrkesmessige du har utført.

Du må ha ein svær arbeidskapasitet og eit unikt pågangsmot.

Som fylkesmann var det fint å registrera den gleda folk som har arbeidd med deg viste, då det vart kjent at du er tildelt St. Olavs Orden. I gongane våre er du omtalt som Ole Mathis anten vi kjenner deg eller ikkje. Du vert samstundes omtalt med den djupaste respekt for den du er og for det du har utført.

Gratulerer!